

Leder Elitene

Folkets egen elite

Verden etter Trump har blitt et sted hvor det er tryggest å være «folkelig».

Statsråd Sylvi Listhaug har de siste dagene brukt Facebook-siden sin til blant annet å krangle åpenlyst med en navngitt kommentator, med regjeringskollega og partifelle Per Sandberg som ivrig støttespiller. Mange ville sikkert tenke at dette er lite statsrådaktig. Det bør være et litt annet nivå over en som sitter ved Kongens bord. Men nei, slik ser ikke Listhaug på det.

I hennes verden er maktforholdet snudd oppned, slik at det er mediene som representerer makta, mens en statsråd med ansvar for å skape Europas strengeste asylpolitikk er Folket i egen person.

Dette trikset har Listhaug selvsagt ikke kommet opp med helt på egen hånd. Anti-elitismen er en global megatrend, med president Donald Trump som det foreløpige bunnpunktet.

Anti-elitismen er en global megatrend

Derfor er det helt påregnelig at politikere nå vil kappes om å være mest mulig folkelige og minst mulig elitære. Det kan være nøkkelen til et langt politisk liv.

Innad i Fremskrittspartiet har det alltid vært rom

for høyrepopulister av ymse slag. Christian Tybring-Gjedde, Ulf Leirstein, Per Sandberg og flere andre har nytt godt av at partiet må ha stor takhøyde for ytterliggående synspunkter. Alternativet kan fort være at det oppstår et nytt parti til høyre for Frp.

Det er i grunnen mer overraskende at Norge ikke allerede har fått et slikt parti, tuftet på nasjonalisme og islamfrykt. Slike partier vokser raskere enn noen andre for tiden, og har lenge vært maktfaktorer i våre naboland. Tidsskriftet Kapital skrev i oktober at nettopp Tybring-Gjedde og hans ektefelle (hun er statssekretær) hadde deltatt på en middag hvor opprettelsen av et nytt innvandringskritisk parti ble diskutert.

Et slikt parti vil kunne stjele mange velgere, ikke bare fra Frp men fra nesten hele spekteret med et mulig unntak for SV og Rødt. Og det er i grunnen et interessant spørsmål hvordan ytre venstre vil opptre, nå som folkeligheten er alfa og omega. Høyre- og venstrepopulismen fisker nemlig til dels i den samme dammen, for eksempel i motstanden mot internasjonale handelsavtaler, kritikken av finansbransjen og i den berømmelige folkeligheten.



PITTER

Oslo kan få 25 centimeter snø i dag, varsler VG i en grundig sak. Dermed skulle toppsaken på Dagsrevyen være sikret i kveld.

Gjestekommentar

Trump og oljeprisen

Så lenge politikken leitar etter retning, vil oljeprisen gjere det same.



Klaus Mohn
Professor, Handels-
høgskolen ved
UIS og NHH

Dei første sjokka har lagt seg etter det politiske jordskjelvet i USA, der Donald Trump trekte det lengste strået i presidentvalet, til stor overrasking for motkandidaten og resten av det politiske etablissementet – i USA og i resten av den vestlege verda.

Etter som mitt spesialfelt er eit anna, skal eg styre unna den generelle politiske debatten. Meir relevant for meg blir det å reflektere over kva den nye presidenten kan få å seie for energi- og klimapolitikken, for olje- og gassmarknaden – og ikkje minst for utsiktene for oljeprisen.

Utydelege utsikter

Min eigen første respons etter valet var at Trump vil vere ein katastrofe for det internasjonale klimasamarbeidet. Langt på veg står denne konklusjonen fortsatt ved lag. Kva Trump vil få å seie for oljeprisen er ikkje like klart. Her er det nemleg krefter som trekker i kvar sin retning. La oss ta dei etter tur.

På ei lang rekke politikk-område er det enno svært uklart kva ein faktisk kan forvente seg frå Trump som president. Bodskapane han har sendt gjennom val-

For dei som legg stor vekt på internasjonal klimapolitikk, er presidentvalet i USA dårleg nytt.

kampen har vore knappe og konfronterande. Spørsmålet er no om ansvaret Trump er i ferd med å ta på seg vil gjere at han mjukar opp enkelte av signala han har sendt så langt, eller om han står løpet ut. Om dette veit me fortsatt lite.

Situasjonen lét dermed etter seg uklare utsikter for viktige område som næringspolitikk, handelspolitikk og energi- og klimapolitikk. Om denne uvissa allereie er reflektert gjennom ein risikopremie i dagens oljepris, kan me ikkje vere sikre på. Men om ein slik risikopremie allereie er prisa inn, vil avklaring av politikken kunne sende oljeprisen ned. Men det er fleire faktorar som spelar inn.

Kritisk for klimaet

Ein hovudtanke bak det internasjonale klimasamarbeidet er at prisane du og eg betalar for fossile bren-

sel skal kraftig opp, medan prisane oljeselskapa får for råolja skal ned. Differansen vil reflektere kostnader ved CO₂-utslepp. Ein klimapolitikk i tråd med Paris-avtalen vil dermed medføre lågare oljepris enn ei utvikling med fri flyt av fossile brensel.

For dei som legg stor vekt på internasjonal klimapolitikk, er presidentvalet i USA dårleg nytt. Donald Trump har nemleg hevda at tankesettet om CO₂-utslepp og global oppvarming ikkje er anna ein megasvindel skapt av Kina for å svekke konkurransevna i amerikansk industri og næringsliv.

Trump er ein festbrems for det globale samarbeidet om klimapolitikk. Spørsmålet som står att, er kva han vil gjere og kor fort det kan skje. Om Trump gjer alvor av å trekke USA frå klimakampen, kan resultatet difor bli at etterspurnad og prisnivå i oljemarknaden blir høgare enn om Hilary Clinton hadde blitt president.

Spenning i Midtausten

Ei anna kjelde til uro og uvisse gjeld USA sin politikk i Midtausten, som fortsatt er ein sær viktig region for produksjon og forsyning av råolje. Ein bør krysse fingrane for at stormaktene kjem overeins om å dempe gemytta i Syria og at alle partar sluttar opp atomavtalen med Iran. I motsett fall risikerer ein nemleg ei eskalering av uroa i regionen.

Om Trump gjer alvor av å bryte samarbeidet med Iran, er sjansane små for at presidentvalet til våren ender opp med ein moderat kandidat som sigerherre. Desto større er sjansane for at Iran vil utvikle atomvåpen, og i så fall kan ein ikkje gjere rekning med at Saudi-Arabia vil sitte med hendene i fanget.

Eit meir tilspissa forhold mellom Saudi-Arabia og Iran om militær og politisk dominans i Midtausten vil auke risikoen rundt produksjon og forsyning frå ein svært viktig region for oljemarknaden. Historia

har vist at denne type uro lett vil smitte over til oljemarknaden, med høgare oljepris og store prissvingingar som resultat.

På lag med oljenæringa

Elles er det minst eit par faktorar som kan medføre at Trump sin politikk får oljeprisen til å falle. Den nyvalde amerikanske presidenten etterlèt ikkje tvil om at han er venleg stemt til oljenæringa, og han har jamvel uttalt at han vil atterreise kol-industrien i USA.

Ei oppmjuking av rammevilkåra for oljeverksemda i USA vil stimulere boreaktivitet og produksjon, slik at tilbodet av råolje blir høgare enn utan ei slik oppmjuking. Isolert sett vil ein slik politikk kunne redusere oljeprisen.

Sist, men ikkje minst, må det nemnast at om Trump gjer alvor av å etablere tollvern av amerikanske industriinteresser, risikerer ein ei demping av verdshandel og global økonomisk vekst. Dette vil i sin tur gi lågare energibehov, lågare oljeetterspurnad og lågare oljepris

Viljen vel veg

Ei lang rekke politikkområde vil dermed kunne påverke utsiktene for energisituasjonen, klimapolitikken og oljemarknaden. Viktige spørsmål som står att, er om Trump sin vilje står ved lag på alle desse politikk-områda, og deretter kva potensialet faktisk er for det politiske handlingsrommet.

Så langt har utslaget i oljeprisen etter presidentvalet vore moderat. Ein slik reaksjon har to mulege forklaringsar. Anten så er kjøparar og seljarar i stor tvil om kva Trump sin politikk eigentleg vil innebere, eller så legg dei til grunn at politikken hans, når alt kjem til alt, vil få lite å seie. For oss andre er det berre å vente og sjå.

Følg på twitter: @Mohnitor



Verda – og børsane – freistar å venne seg til tanken på Donald Trump som komande president i USA. Enno er det uvisst kva det vil få å seie for energi- og klimapolitikken, og dermed òg for oljeprisen. FOTO: RICHARD DREW, AP/NTB SCANPIX

Drøset

Cuba libre

Havet lå som en hamret kobberplate. Ikke et vindpust, bare en lett skimring over den kritthvite sanden. Bølgene vasket sakte ut, og inn. Inn og ut. Han strakte ut en hånd mot flasken med patesalve, smurte inn bryst og lår med en doven bevegelse, justerte panamahatten litt ned over øynene.

Noe seinere, etter en liten høneblund, beveget han seg sakte fra solstolen over til nærmeste strandbar. Solsøve rytmer fra musikklegget denne tidlige ettermiddagstimen.

Ingen av de lokale gledespike var å se ennå. Kun hvite menn. Uten at han trengte å si et ord plasserte bartenderen, kun iført bart og en minimal speedo, en voksen paraplydrink foran ham. Han hadde bare vært her en snau uke, men vanene hans var allerede kjent for personalet. Han hadde

ikke energi til å løfte drinken, så han bøyde seg ned over den blanke bardisken for å ta sugerøret i munnen.

– Ke hoen, utbrøt han da han fikk se sitt eget svette ansikt i bardiskens speilglatte overflate. En sjenerende rødfarge hadde



Vindlibel

bredt seg over pannen og nedover det venstre kinnet. Og ikke for første gang forbannet han patesalve-produsenten for at den eneste kremen hans melkehvite hud kunne tåle, ikke inneholdt solfilter.

Han sukket og mumlet for seg selv. – Dæ æ injen så vett ke me må li oss gjønå for ein reportasje om ytringsfrihed.

I dagevis hadde han hengt rundt på baren mens han ventet på inspirasjon til å dra ut fra hotelloområdet. Riktignok hadde han lønn for å være her, men egentlig er det ingen som forstår hva slags slit det er å være utegående åndsmenneske, jærbu og europeer med støtte fra Fritt Ord. Dårlig aircondition i Dhaka, en oversteekt biff i Colombo, en hard madrass i Tel Aviv. Og nå dette.

Til alt overmål hadde han en nagende følelse av at det var noe han hadde glemt.

Da slo det ham.

– Æg he pigede gløymt å skriva drøs.

Han håpet at noen ville skrive et for ham.

Ingen av de lokale gledespike var å se ennå